

8.4 Handlingsplan for oppvekst 2023 – 2026

Utifrå det som er utarbeidd i kommunedelplanen for oppvekst er det laga følgjande handlingsplan. Handlingsplanen tar for seg saker som gjennom arbeidet med planen har peika seg ut som område ein må arbeida vidare med. Handlingsplanen skal vera eit arbeidsverktøy for prioritering og utføring. Planen skal rullerast årleg, reviderast kvar 4.år og forankrast i kommunen sin gjeldande økonomiplan. I høve til oppfølging av aktuelle saker er det fastsett ein tidsperiode, der det vidare er skissert bakgrunn for saka, tiltak, ansvar, resultatmål og økonomi. Handlingsplanen er tydeleg og konkret, slik at den gjev ei god oversikt i det vidare arbeidet med oppfølginga av dei saker som føreligg.

HEILSKAP OG IDENTITET FOR BARN OG UNGE GJENNOM SAMARBEID OG SAMHANDLING	
BAKGRUNN	Barnehage og skule skal gje eit likeverdig tilbod til alle.
TILTAK	Gjensidig forpliktande samarbeid mellom barnehage og skule i kvart oppvekstområde. Barnehage og skule samarbeider om gode overgangar mellom barnehage og skule. God møtестruktur i einingane og på tvers av einingane i kommunen. SFO jobbar med implementering av ny rammeplan. SFO, kultur- og idrettsskule har faste møtepunkt med foreldre.
TIDSPERIODE	2023-2026
ANSVAR	Rektorar, styrarar, kulturskulerektor, oppvekstleiar
RESULTATMÅL	Tidleg innsats og tilpassa opplæring er på plass i alle oppvekstområda. Barn i barnehage og skule har eit likeverdig tilbod.

ØKONOMI	Midlar til frikjøp av pedagogiske leiarar og kontaktlærar i 1. klasse til samarbeid ligg inne i budsjettet.
---------	---

MASFJORDEN KOMMUNE HAR GODE, TRYGGE LÆRINGSMILJØ MED HØG TRIVSEL	
BAKGRUNN	Barna har krav på eit trygt og godt oppvekstmiljø i barnehage og skule der det er nulltoleranse for krenking. I kultur- og idrettsskule og frivillig arbeid treng ein trygge og tydelege vaksne og engasjerte foreldre. Barn og unge har krav på gode bygningar og tilpassa uteområde.
TILTAK	Oppfølging av «Heilskapleg plan for eit godt læringsmiljø». Barnehagane vidareføring og vedlikehald dei «Utrulege åra» i barnehagane. Vidareføring av «Zippys venner» i grunnskulen. Vidareføring av MOT. Få til meir samarbeid mellom elevane på skulane våre Jobba aktivt inn mot Ungdomsrådet. Fokus på §9A i Opplæringslova set fokus på den plikta kvar tilsett har til å reagere når ein får kjennskap til eller mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt. Fokus på §41-43 i barnehagelova. Psykososialt barnehagemiljø, rutinar nedfelt i eigen plan som er eit levande dokument. Heilskapleg plan er eit levande dokument.
Tidsperiode	2023-26
ANSVAR	Rådmann, rektorar, styrarar, kontaktlærarar, helsesjukepleiarar og leiarar.
RESULTATMÅL	Barnehagar og skular har eit miljø der alle kan føla seg trygg. Konflikta blir gripne tak i og løyste snarast råd. Alle vaksne har eit ansvar og ei plikt til å gripa inn. Bygningar og uteområde stettar krava i «Forskrift om miljø retta helsevern». Dette krev investeringar på opprusting/vedlikehald av uteområda Jfr. Leikeplasskontroll, og vedlikehald av bygningsmassen innafor perioden. Investeringsbehovet må kartleggast, og behov må leggast inn i framtidig investeringsplan. Fjerning av ikkje godkjende leikeapparata. Vaktmeisterteneste i kvart oppvekstområde.
ØKONOMI	Investeringar i bygningar og anlegg må inn i økonomiplanen. Må setjast av investerings og vedlikehaldsmidlar.

MASFJORDEN HAR HØG KVALITET I OPPLÆRINGA	
BAKGRUNN	Alle grunnskular tok frå og med hausten 2020 i bruk ny læreplan. Alle tilsetjingar må sjåast i samanheng med den kompetansen Masfjorden kommune har trong for.
TILTAK	Satsingsområde er at skulane fortsatt jobbar systematisk med å gjera seg kjend med å implementera ny læreplan/fagplanar som vart tatt i bruk frå skuleåret 2020-21. Til dette kan ein nytta materiell som vert lagt ut på UDIR under Fagfornyinga. Dei nye læreplanane for grunnskulen føreset at det vert teke eit stort løft i høve bruk av digitale læremiddel. Investeringar i m.a. berbare elevmaskiner, opprusting av trådløst nettverk og kjøp av digitale tavler i klasseromma er naudsynte. Berbare elevmaskiner får ofte hard medfart og har ei levetid som gjer at dei må skiftast ut etter 3-4 år. Kjøp og supplering av IKT utstyr må liggja i

	<p>budsjettet, utan får me ikkje den infrastrukturen me treng for å kunne nå måla som ligg i Fagfornyinga.</p> <p>Det vert innført ein ekstra time i naturfag på ungdomssteget frå nasjonalt hald, det er og bevilga midlar, men ein veit ikkje om dei er øyremerka. Skulane ønsker å sjå på organiseringa av skuleveka for elevane frå 1.-4. klasse. Grunngevinga er at ein ser at det vil vera meir pedagogisk å ha opplæringsøkter kvar dag for dei yngste elevane. På fire dagar vert undervisninga svært komprimert. Dei fleste kommunar har no undervisninga fordelt på 5 dagar. Dette vil verta teke opp i skulane sine fora i fyrste omgang, deretter politisk dersom det er det som er ynskjeleg. Vidareutdanning og tilsetjing må vera i tråd med kompetanseutviklingsplan og sjåast i samanheng med den kompetansen Masfjorden kommune har trong for og nasjonale føringar. Nasjonalt mål innan 2025 at halvparten av tilsette i barnehagane skal vera pedagogar. Tidleg innsats og tilpassa opplæring er viktig for utbyte av opplæringa.</p> <p>Nordbygda skule og Matre skule jobbar med prosjekt «Analysekompetanse» sett opp mot Fagfornyinga, finansiert av staten med Dekomp midlar. HVL har ansvaret for å bidra til den faglege utviklinga. Nordbygda barnehage har fått Rekomp midlar som dei nyttar til språklæring på digitale flater. Dei samarbeider med NLA. Matre og Sandnes barnehage har fått midlar i 2022 og midlane vert nytta i løpet av perioden 22-24. Dette for å jobbe med språkopplæring og digital opplæring i barnehagane. Dysleksivenleg skule vert revitalisert etter Korona, og kan sjåast i samanheng med fagfornyinga. PPT er kopla på dette arbeidet som er systemretta arbeid. Masfjorden kommune er frå 01.01.22 tilslutta Fensfjorden PPT. Der har ein ei satsing på betre tverrfagleg samarbeid mellom anna. Der ei arbeidsgruppe og leiarane i Fensfjorden jobbar med dette tema Frå 2023 er det ny periode med leiaropplæring for leiarar i skule og barnehage i regi av Nordhordland kompetanseregion i samarbeid med Imtec.</p> <p>SFO har fått Rammeplan, implementering av denne er eit satsingsområde.</p>
TIDSPERIODE	2023-26
ANSVAR	Rådmann, rådgjevar og leiarar
RESULTATMÅL	<p>Personalet i Masfjordskulane er godt førebudd til å starta fagfornyinga hausten 2020.</p> <p>Personalet i oppvekst har høg fagleg kompetanse i fag og leiing av arbeidet i klassar og grupper.</p> <p>Når elevane forlèt grunnskulen er dei godt rusta for å gjennomføra vidaregåande utdanning og til å bli aktive samfunnsborgarar</p> <p>Kommunen gjev høve til vidare- og etterutdanning slik at barnehage og skule har tilstrekkeleg kompetanse i høve gjeldande krav.</p>
ØKONOMI	Skulane og barnehagane må ha midlar i sine budsjett til innkjøp og fornying av digitalt utstyr. Ordningar for etter- og vidareutdanning.

BARN OG UNGE I MASFJORDEN OPPLEVER MEISTRING OG UTVIKLING GJENNOM EI TILPASSA OPPLÆRING	
BAKGRUNN	<p>Alle barn har rett på tilpassa opplæring, og tidleg innsats.</p> <p>Me treng spesialpedagogisk kompetanse i alle oppvekstområda.</p> <p>Barn med særlege behov vert fanga opp og får hjelp tidleg.</p>
TILTAK	Tett samarbeid med PPT i høve enkeltelevar og enkeltbarn, systemretta arbeid mot klassar og grupper.

	<p>Tidleg innsats og tiltak for å fremja meistring.</p> <p>Sikra at ped.leiar og kontaktlærar får tid til leiing og å samordna arbeidet for det einkilde barnet.</p> <p>Rekruttering av personale med rett kompetanse til skular og barnehagar, må meldast inn så tidleg som mogeleg, for å få gode fagfolk.</p> <p>Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis (Spes. komp) er ei tilskotsordning på lik line md Rekomp og Dekomp, der kommunen kan søke midlar til å auka kompetanse rundt elevar/barn.</p> <p>Fokus på tverrfagleg samarbeid i tråd med Barnevern reforma (oppvekstreforma) av 01.01.22 og arbeid med plan for førebyggjande innsats.</p>
TIDSPERIODE	2023-26
ANSVAR	Rådmann, rektorar, styrarar
RESULTATMÅL	<p>Spesialpedagogisk kompetanse i kvart oppvekstområde</p> <p>Auka kompetanse i skule og barnehage i høve tilpassa opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.</p> <p>Alle barn har fått eit tilpassa tilbod gjennom barnehage og grunnskule</p> <p>Tett samarbeid med PPT.</p>
ØKONOMI	Det må setjast av planleggingstid for kontaktlærar og pedagogisk leiar.

MASFJORDEN KOMMUNE LEGG TIL RETTE FOR FYSISK AKTIVITET OG STIMULERER TIL KULTURELL KREATIVITET OG MANGFALD BLANT BARN OG UNGE

BAKGRUNN	Barn og unge treng eit fysisk og sosialt miljø som stimulerer til aktivitet og læring, kulturell kreativitet og mangfald.
TILTAK	<p>Samarbeid mellom skule, barnehage, kulturskule, frivillige lag, bibliotek og andre for å stimulera kulturell kreativitet og mangfald</p> <p>Sørgja for at barn og unge har eit fysisk miljø som stimulerer til aktivitet og læring</p> <p>Felles bading for førskulegruppa i barnehagane</p> <p>Elevane skal kunna symja etter 4. klasse</p> <p>Utedag i skule og barnehage</p> <p>Leirskule</p> <p>Halda fram med satsinga på «Ungt entreprenørskap».</p> <p>Halda fram med idrettsskulen, fortløpande vurdering av organiseringa</p> <p>Bruka metoden : Læring gjennom fysisk aktivitet</p> <p>10. klasse har høve til å reise på skuletur som er knytt til pensum, dersom det er einigheit om det. Utgifter knytt til lærar må vera teke med i den enkelte skule sitt budsjett.</p>
TIDSPERIODE	2023-26
ANSVAR	Rådgevar, styrarar, rektorar, leiarar i frivillige lag
RESULTATMÅL	<p>Barn som har ein aldersadekvat motorisk dugleik og som sjølve vel å vera fysisk aktive.</p> <p>Sikra stabile vaksne ressursar.</p>
ØKONOMI	Investeringar til vedlikehald av bygningar og anlegg må inn i økonomiplanen, i tillegg til vanleg oppgradering i årsbudsjetta.

MASFJORDEN KOMMUNE LEGG VEKT PÅ TVERRFAGLEG SAMARBEID OG SAMORDNING AV PLANAR FOR Å OPPNÅ KVALITET OG EFFEKTIV RESSURSBRUK

BAKGRUNN	Treng gode samhandlingsrutinar og møteplassar.
TILTAK	Sikra tverrfagleg samarbeid gjennom ulike møtefora for å ivareta det tverrfaglege samarbeidet til beste for barnet. Desse møtepunktta må sjåast i

	<p>samanheng med gjeldande lovverk og behov, og dei felles satsingsområda som vert sett i Fensfjorden PPT. Organisering av møta vert sett i samanheng med agendaen.</p> <p>Planleggingsdagar for skulane og barnehagane, med individuelt og/eller felles innhald. Masfjorden kommune er ein del av NKR samarbeidet, der det vert lagt opp mellom anna til kursrekker for leiarar i skule og barnehage. Masfjorden kommune deltek i opplæring og implementering i regi av IKT Nordhordland, av nye digitale verktøy og program, for å få ei god og effektiv drift.</p> <p>Plangruppene møttest to gonger årleg på tvers av skulane</p> <p>Sikra kvalitet i IOP og IP gjennom bruk av SAMSPILL.</p>
TIDSPERIODE	2023-26
ANSVAR	Rektorar/styrarar/rådgjevar
RESULTATMÅL	<p>Styrar og rektormøter vert organisert etter behov. Felles og/eller separat. Møtefrekvens om lag ein gong pr. månad. I tillegg arbeidsmøter i høve til behov. Oppvekstleiar kallar inn.</p> <p>Tiltaka viser i skulane og barnehagane sine planar.</p> <p>Felles strategiar og målsetjingar i utviklingsarbeidet</p> <p>SAMSPILL vert teken i bruk, når det vert initiert.</p>
ØKONOMI	Fører ikkje med seg økonomiske krav.

SKULESTRUKTUR OG LEIARRESSURSAR	
	<p>Oppretthalda 3 oppvekstområde i planperioden, Matre, Sandnes og Nordbygda, alle med heildagsbarnehage og 1-10-skule.</p> <p>Evaluering: Skulestrukturen ligg så langt fast fram til Masfjordbrua er på plass. Ein kan likevel sjå på kva som er den beste organiseringa av tenestene.</p>

FLYKTINGAR	
	<p>Kommunestyret i Masfjorden har gjort vedtak om å ta imot 50 Flyktingar i 2022.</p> <p>Flyktingtenesta ligg under oppvekstleiar og har to tilsette i 50% stilling kvar.</p> <p>Det er tilsett rektor for vaksenopplæring i 20% stilling. Tenesta er lokalisert til Sandnes skule, men det kan verta trong for å opprette ei avdeling på Matre skule ved behov i perioden, eller at dei frå Matre vert skyssa til Sandnes. Tenesta har 100% lærarstilling, det kan verta behov for utviding av denne.</p> <p>Arbeidet med busetting, undervisning og integrering er godt i gang, og alle mellom 18 og 55 år skal få tilbod om introduksjonsprogram. Barn mellom 1 og 5 år kan få tilbod om barnehageplass. Barn i skulealder byrjar på sin nærskule og kan få tilbod om særskild norsk etter enkeltvedtak.</p> <p>Ein nyttar kommunale bustader i den utstrekning dei er ledige. Sandnes og Hosteland vart fyrst busett og i neste omgang Matre. Introduksjonsprogrammet varar eit halvt til eit år. Etter dette kan flyktingane gå ut i ordinært arbeid er dei sentrale føringane.</p>